

MØTEREFERAT 16. MARS 2022

Råd:	Nysæter sokneråd
Tid:	Onsdag 16. mars 2022 Kl. 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Kaffi:	Randi Bod Haugsdal
Opning:	Marit Grimstad

" Nysæter kyrkje - ein heim for alle, her finn me tru, håp og kjærleik i Guds hand "

Innkalla: Marta Kristin Valvatne, Oddbjørg Løkling, Marit Stalheim Grimstad, Jens Arne Stautland, Katrine Valvatne Kvernenes, Ingebjørg R. Grønsdal, Randi Bod Haugsdal,
Forfall: Heine Kaldefoss, Karen Marie Valvatne, Kristine Wiersen, Ståle Betten

SAKLISTE

2022/09- 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Godkjent.
Merknad: ei sak til ymse - endring i gudstenstelist
Eit punkt på generell informasjon – nytt frå kontoret

2022/10-012.1 Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 25.01.22.

Vedtak: Godkjent.

2022/11 - 340 Diakoni

Saksutgreiing

Diakon Olaug Arnesen Gloppen informerer om arbeidet som diakon. Og kva ho gjer saman med diakoniutvalet. Informerte om temakvelden som vert i Stord kyrkje 31.03. Mykje av arbeidet er samtalar og besøk med enkeltpersonar. Og ein del administrasjon i samband med andakatar, nattverd og gudstenester på institusjonane. Ho a og litt om at Diakonien må vera på plass til å visa omsorg når flyktningane kjem frå Ukraina. Her er ingenting avklart pr i dag.

2022/12 - 217 Frivillige i kyrkja

Saksutgreiing

Sidan soknerådsmøte 25.01. har det vore idèdugnad hos Oddbjørg Løkling. Oddbjørg informerer om korleis me jobbar vidare med med frivillige.

Oddbjørg informerer om status for frivillige i Nysæter. Dei om var på idèdugnad jobba med ein tekst som skal sendast ut til spørsmål til frivillige i trusopplæringa. Nye klokkerar Britt Theodorsen og Hildegunn Heimro. Marit Johnsen er ny i dikoniutvalet. Tone Heide er ny kyrkjevert. Oddbjørg har rydda i medarbeidarlista for frivillige i Nysæter sokn. Soknerådet ynskjer å laga til enkle små samlingar for å skapa felleskap for frivillige i Nysæter.

Vedtak: Nysæter sokneråd bed sakshandsamar Brynhild Meyer Stautland laga ei telefonliste over alle frivillige med tenester i Nysæter kyrkje slik at me lett kan nå dei på sms med informasjon/invitasjon/inspirasjon

2022/13 – 310 Mandat for gudstenesteutval

MØTEREFERAT 16. MARS 2022

Saksutgreiing:

Gudstenesteutvalet har jobba med mandat for utvalet

Vedtak:

Nysæter sokneråd vedtek mandatet for gudstenesteutvalet slik utvalet har forslag om.

2022/14 - 217 Rettleiar for frivillige i gudstenesta

Saksutgreiing:

Gudstenesteutvalet har jobba med frivilligoppgåver knytta til gudstenesta. Nysæter sokneråd har gjort nokre endringar i «Rettleiaren for frivillige i gudstenesta».

- me har teke bort nokre av oppgåvene som er lagd til kyrkjevert og grunngjev dette med at kyrkjeverten si oppgåve er å møta/sjå/ dei som kjem til gudstenesta. Dette let seg ikkje kombinera med ryddeoppgåver som naturleg må leggjast til kyrkjetenar.
- me har teke vekk sida «Frivillig medarbeidar: Forsongar» og ynskjer at gudstenesteutvalet lagar eit nytt utkast her som heiter: **«Frivillig medarbeidar: songarar og musikarar»**. Dette med bakgrunn i det som står i gudstenesteutvalet sitt mandat «Saman med kantor vera ein pådrivar i det kyrkjemusikalske arbeidet, herunder bidra i den kyrkjemusikalske planlegginga..... variert uttrykk i musikk og liturgi»

Vedtak:

Med desse merknadene godkjenner me rettleiar for klokkar, kyrkjevert, dåpsvert og vertskap for kyrkjekaffi. Når det gjeld rettleiarar for forsongarar, ynskjer soknerådet at gudstenesteutvalet lagar eit nytt utkast som heiter «Frivillige medarbeidarar: songarar og musikarar»

2022/15 - 362 Misjonsprosjektet

Saksutgreiing:

Det er eit forslag om å laga til ein aktivitetsdag i samband med ei gudsteneste slik det vart gjort i fjor vår. 8. mai er det fokus på misjonsprosjektet i gudstenesta med besøk at Roar Vik frå NMS. Det er mogleg å vera på Valvatna gard dette året og.

Vedtak:

Det vert laga til aktivitetsdag på Valvatna gard i etterkant av gudstenesta 08.05.

2022/16 - 365 Konfirmantfest

Saksutgreiing:

Det er spørsmål om Nysæter sokneråd ynskjer å laga til konfirmantfest for konfirmantar og foreldre torsdag 05.05.

Vedtak:

Nysæter sokneråd svarer nei til å laga til konfirmantfest. Me tek det opp igjen til hausten som sak.

2022/17 - 046 Årsmelding

Saksutgreiing:

Marit Grimstad har skrive forslag til årsmelding frå Nysæter sokneråd.

Vedtak:

Nysæter sokneråd vedtek årsmeldinga.

MØTEREFERAT 16. MARS 2022

2022/18 - 217 Søknad frå frivillig - gruppa

Saksutgreiing:

Frivillig gruppa har sendt ein søknad om støtte. Det har vore samtalar med Magne Langåker om han kan vera med å laga film for å markedsføre frivillighet i kyrkja.

Vedtak:

Nysæter sokneråd støttar intensjonen i førespurnaden frå frivilliggruppa, og ser fram til ein spesialisert søknad innanføre ramma på 25.000.

• Skriv, referat og meldingar

1. Referat Stord sokneråd 22.02.22
2. Referat frå Gudstenesteutvalet

• Generell informasjon

1. 23.02. var der informasjonsmøte om nytt asylmottak i Sagvåg. Marta Kristin Valvatne var på møtet. Marta Kristin innformerer frå møtet. Det dei ynskjer er eit lokalmiljø som ser og helsar. Dei har ingen spesielle forventningar til oss.
2. Kyrkjemiddag 27.03. Marta Kristin får tak i handlelister.
3. Årsmøte/bygdemøte Sagvåg Forum 30.03. kl 18.00 på Sagvåg skule. Nysæter sokneråd er påmeldt. Me lagar flyers om livet i kyrkja som me tek med til utdeling.
4. Årsmøte 03.04. Marta Kristin leiår møtet. Marit legg fram årsmeldinga. Brynhild er referent.
5. Puls på livet 05.04. Heine inviterer lag i bygda til samtale om frivillighet
6. Kveldsmat 14.04. Marit og Oddbjørg er komite
7. Rapportering om bruk av OVF-midlar
8. Døgnet 09.-10.09 i Haugesund
9. Nytt frå kontoret: Elisabeth Fauskanger er sjukemeldt ut månaden. Hjørdis Heggland vert pensjonist i starten av mai. Laila Røksund Hansen skal ha praksis her i nokre veker nå i vår.

Ymse:

Kommentar til gudstenesteplanen. Det er spørsmål frå Tove Vikanes Agdestein i kommunen om kyrkje kan vera med å arrangera ei utegudsteneste i samband med «Folk i sentrum»

Vedtak: Me vil vera med på felles utegudsteneste i Parken 12.06. Gudstenesta i Gruvene vert utsett til hausten.

Marta Kristin Valvatne
soknerådsleiar
sign.

Brynhild Meyer Stautland
sakshandsamar
sign.

Neste møte i Nysæter sokneråd	
Tid:	19.april 2022 kl 17.00-19.00
Møtestad:	Nysæter kyrkje
Opning:	Karen Marie Valvatne
Kaffi:	Ingebjørg Grønsdal